

Masfjordingen

Nr.1 - 2015

Februar

Meldingsblad for Masfjorden kommune og Frøyset, Sandnes og Solheim sokn

Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon 2015 : I kriser er vatn kritisk



Innsamlingsdag for Masfjorden er tirsdag ettermiddag / kveld 24. mars.

Då håper vi dei 22 konfirmantane rekk å besøke alle heimar i kommunen.

I 2014 vart totalt innsamlingsresultatet for Masfjorden like over 40 tusen kroner og var heilt i toppskiktet delt pr innbyggjar. Det ville vere flott om resultatet i år kan bli på samme nivå!

Du kan lese meir om foremålet for innsamlinga inne i "Masfjordingen". Om du vil høyre meir om dette, er du velkomen til samtalegudstenestene med konfirmantane – i Solheim kyrkje søndag 15.mars kl 16.00, Frøyset kyrkje søndag 22.mars kl 16.00, i Sandnes kyrkje først etter påskeveka, søndag 19.april kl 17.30.

Terje Rasdal mottok Frivilligprisen 2014

Eit uventa innslag i Sandnes skule sitt juleavslutningsprogram 18. desember var at Terje Rasdal vart tildelt Frivilligprisen 2014.

Frivilligprisen vert gitt til ein person som har ytt ein ekstraordinær innsats til beste for nærmiljøet sitt. Terje Rasdal fekk prisen av fleire grunnar :

Gjennom ein liten mannsalder har han vore inspirator og rettleiar for unge og vaksne med interesse og talent for musikk, langt ut over det ein kunne forvente av han som musikk lærar på Sandnes skule og i musikk skulen.

Turinteresserte har i mange år nytt glede av det frivillige arbeidet Terje har ytt som løypemerkjar og dyktig turleiar.

Terje har framstått som ein omsorgsperson for unge og gamle. Ved overrekkjinga av prisen karakteriserte ordførar Karstein Totland Terje som ein bauta.

Ein øredøvande jubel og taktfast trampeklapping var eit klårt signal om at både elevar, kollegaer, foreldre og andre som var til stades var samde med ordføraren, og syntest prisen var meir enn vel fortent.



Foto : Knut Sørheim
Tekst : Rune Garmann

Gudstenester

Sjå også www.masfjorden.kyrkja.no

8.mars 3.søndag i fastetida. Ef 6,10-18
Fjon Fjellkyrkje 12.00: Gudsteneste
v/ Knut Fr. Sørheim. I samband
med konfirmantleir. Takkoffer
til Fjon Fjellkyrkje

15.mars 4.søndag i fastetida. Joh 3,11-16
Frøyset kyrkje 11.00: Gudsteneste
v/ Knut Fr. Sørheim. Nattverd.
Takkoffer til Nordhordland
Indremisjon. (Kyrkjeskys.)
Solheim kyrkje 16.00: Gudsteneste v/
Knut Fr. Sørheim. Temagudsteneste
ved konfirmantane. Takkoffer til
fasteinnsamlinga/Kirkens nødhjelp.

22.mars Maria bodskapsdag.
Luk 1,46-55
Sandnes kyrkje 11.00: Gudsteneste v/
Knut Fr. Sørheim. Nattverd. Takkoffer
Menneskeverd. (Kyrkjeskys.)
Frøyset kyrkje 16.00: Gudsteneste v/
Knut Fr. Sørheim. Temagudsteneste
ved konfirmantane. Takkoffer til
fasteinnsamlinga/Kirkens nødhjelp.

29.mars Palmesøndag. Matt 26,6-13
Granneheimen 11.00: Gudsteneste v/
Knut Fr. Sørheim. Nattverd. Takkoffer
til Den norske Israelsmisjon.

2.april Skjærtorsdag. Luk 22,14-23
Fjon Fjellkyrkje 16.30: Gudsteneste
v/ Knut Fr. Sørheim. Nattverd.
Takkoffer til Fjon Fjellkyrkje

3.april Langfredag. Matt 26,30-27,50
Frøyset kyrkje 11.00: Gudsteneste
v/ Knut Fr. Sørheim. Nattverd.
Takkoffer til Den norske
Israelsmisjon. (Kyrkjeskys.)

Avlidne :

| | | |
|-------|---------------------|--------|
| 13.12 | Einå Helmut Lahti | f.1918 |
| 31.12 | Hans Henrik Daae | f.1942 |
| 18.01 | Norlaug Trodal | f.1938 |
| 30.01 | Liv Alvhilda Kvinge | f.1931 |

*Eg er oppstoda og livet, seier Herren. Den som
trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den
som trur på meg, skal i all æva ikkje døy.*

5.april Påskedag Matt 28,1-10
Sandnes kyrkje 11.00: Gudsteneste
v/ Knut Fr. Sørheim. Nattverd.
Takkoffer til Nordhordland
Indremisjon. (Kyrkjeskys.)

6.april 2.påskedag Joh 20,11-18
Solheim kyrkje 11.00: Gudsteneste
v/ Knut Fr. Sørheim. Nattverd.
Takkoffer til Kristen Idrettskontakt
(KRIK). (Kyrkjeskys.)

19.april 3.søndag i påsketida.
Mark 6,30-44
Solheim kyrkje 11.00: Gudsteneste
v/ Knut Fr. Sørheim. Nattverd.
Takkoffer til Children at Risk
Foundation. (Kyrkjeskys.)
Sandnes kyrkje 17.30: Gudsteneste v/
Knut Fr. Sørheim. Temagudsteneste
ved konfirmantane. Takkoffer til
fasteinnsamlinga/Kirkens nødhjelp.

26.april 4.søndag i påsketida.
Jes 43,16-21
Frøyset kyrkje 11.00:
Konfirmasjonsgudsteneste v/
Knut Fr. Sørheim. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet. (Kyrkjeskys.)

3.mai 5.søndag i påsketida. Luk 13,18-21
Sandnes kyrkje 11.00:
Konfirmasjonsgudsteneste v/
Knut Fr. Sørheim. Takkoffer til
Fjon Fjellkyrkje. (Kyrkjeskys.)

10.mai 6.søndag i påsketida. Matt 7,7-12
Solheim kyrkje 11.00:
Konfirmasjonsgudsteneste v/
Knut Fr. Sørheim. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet. (Kyrkjeskys.)

Kyrkjeskys

Når ei gudsteneste i lista er
merka med '(Kyrkjeskys)', er det
mogeleg å tinga skyss. For å tinga
skyss, må ein seinast (laur) dagen før
ringa tlf som er oppgjeven for kvart
sokn. Prisen er kr 50,- tur/retur.

Sandnes sokn: Ring Harald
Mjanger Tlf 56 36 55 49 / 478
88 857 eller Magne Andvik Tlf
56 36 51 13 / 908 97 721

Solheim sokn: Ring Lise
Dyrhovden Tlf 56 36 72 57

Frøyset kyrkje: Ring Harald /
Olga Birkeland Tlf 56 36 71 10.



Døypte :

| | |
|-------|---|
| 11.01 | Ivar Elias Kvingedal Gry Helen Hope Kvingedal og Roald Kvingedal Fadrar: Eli Marie Kjelstad, Kjersti Andvik, Merethe Engelsen, Morten Higdem |
| 18.01 | Marita Birkeland Smelvær Heidi Jorunn Birkeland og Øyvind Smelvær Fadrar: Terje Birkeland, Lillian Smelvær Olstad |

*Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått del
i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for dei, læra
dei sjølve å be og hjelpe dei å bruka Guds ord og delta i den
heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.*

Og vi ser: Gud er god.

Søndag 1.februar om ettermiddagen var det Salmekveld i Granneheimen. Der song me salmar frå den nye salmeboka under leiing av Johannes Lyngset. Dei som var til stades hadde ein kjekk ettermiddag saman.

Ein av salmane som Johannes lærte oss var den som står på nr. 104 i Norsk salmebok. Det er ein flott salme som på ein god måte viser samanhangen mellom jul og påske.

Denne salmen vert andakten i Masfjordingen i dette nummeret.

1 I et skur ved Betlehem, gjemt i Josefs store trøye, lå Guds dyrebare Ord som et nyfødt barn i høyet. Og vi ser: Gud er god.

Refreng :

Han er her når vi synger, han gir liv, lek og latter, himmelrikets skjulte skatter. Og vi ser: Gud er god.

2 Han fikk se et folkehav uten håp og uten føde, og Guds dyrebare Ord mettete alle i det øde. Og vi ser: Gud er god.

Refreng :

3 Skjult av hagens mørke trær sto soldater for å ta ham, og Guds dyrebare Ord bar det korset verden ga ham. Og vi ser: Gud er god.

Refreng :

I et skur ved Bet-le - hem, gjemt i Jo - sefs
sto - re trøy - e, lå Guds dy - re - ba - re Ord
som et ny - født barn i høy - et. Og vi ser:
Gud er god. Han er her når vi syn - ger,
han gir liv, lek og lat - ter, him - mel - ri - kets
skjul - te skat - ter. Og vi ser: Gud er god.

4 Naglet fast til dødens tre, under himmelhvelvets torden, ba Guds dyrebare Ord for en bøddel og en morder. Og vi ser: Gud er god.

Refreng :

5 Gjennom hagens klare dugg, som i jordens første morgen, brøt Guds dyrebare Ord ut av tomheten og sorgen. Og vi ser: Gud er god.

Refreng :

Kva skjer med prestetenesta – og kva med stillinga som diakoni- og undervisningsleiar?

2.februar var siste frist for å sei si meining om bispedømet sin plan om å redusere prestestillinga i Solund, Gulen og Masfjorden med ei stilling – frå tre til to. 2.mars er det planen at saka skal til avgjerd i bispedømerådet.

Mange har sagt si meining – sokneråda, fellesråda, prestane, kommunale instansar. Det har vore eit sterkt og tydeleg engasjement i saka. Det klare inntrykket er at dei ulike instansane har vore svært samde. Det har blitt gjeve klart uttrykk for at ein forstår at der er trong for styrking av

prestetenesta i den veksande kommunen Meland og i Knarvikområdet – men – at dette bør løysast utan å redusere tenesta i nord. Og dersom ein likevel gjer vedtak om å redusere frå 300% til 200% ressurs, bed ein om å gjere det i samsvar med høringsbrevet sitt alternativ b) (sjå Masfjordingen sitt julenummer) – at ein held fram med å ha tre stillingar knytt til dei tre kommunane, men slik at dei samla nyttar ein tredel av stillingsressursen til å gjere teneste utanfor hovudtenesteområdet. Innan neste nummer av Masfjordingen, veit vi

truleg meir om kva og korleis alt vert.

Kva så med stillinga som diakoni- og undervisningsleiar? Stillinga har vore lyst ut med søknadsfrist 31.januar, men utan søkjarar. Stillinga er no lyst ut på ny, og vi kan berre vente og håpe på betre resultat. I mellomtida må vi dessverre leve med ei teneste på lavbluss ettersom Gunvor Fyllingsnes som er på veg ut, går med 60% AFP, og der blir sjølvsagt mange ting der ikkje blir plass til.

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Frivilligsentralen i Masfjorden
når du på telefon
56 16 62 62 og 950 41037.
Dagleg leiar:
Gunvor Fyllingsnes
Adressa er:
Frivilligsentralen i Masfjorden,
5981 Masfjordnes
eller e-post: friv.sentr@masfjorden.kommune.no



Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2015:

I kriser er vatn kritisk

Klimaendringane fører til fleire og verre katastrofar, og truer menneske sin tilgang på reint vann. I høst overlevde Muhammed og familien så vidt den dramatiske flaumen i Pakistan.

Det er dei fattigaste som vert hardest ramma av klimaendringane, anten det er i tyfon på Filippinane, tørke i Etiopia eller flaum i Pakistan.

Ein av dei som nyleg har fått merke dette på kroppen, er Muhammed Irsdad. Han er gift og har 3 barn, og bur i landsbyen Basti Riaz Abad i Pakistan. Ein morgon, tidleg i oktober, kom flaumen brått til landsbyen.

- Vannet kom i stor fart frå kanalen, og eg måtte ta med familien og springe i tryggleik. Vi sprang til næraste landeveg, som ligg litt høgare enn resten av landsbyen. Slik berga vi livet, fortel Muhammed.

Vart sjuk av vatnet

Familien vart buande på denne landeveien uten ly i over ein måned, ventande på hjelp. Då flaumen kom, hadde dei ikkje tid til å ta med korkje husdyr eller eigendelar. Huset vart fullstendig øydelagt og husdyra drukna.

- Vi har aldri opplevd flaum i landsbyen før, det er noko heilt nytt, seier Muhammed.

Flaumen hadde store konsekvensar for Muhammeds familie. Tidlegare jobba Muhammed som tryggingvakt og heile storfamilien var avhengige

av inntekta hans. Etter flaumen måtte Muhammed vere saman med familien og han mista difor jobben. I tillegg har flaumen gjort at drikkevattet er forureina.

- Dottera mi på to år er blitt

sjuk av å drikke vatnet etter flaumen. Det er så vidt vi hadde råd til å betale for medisinarne ho treng for å overleve, fortel han alvorleg mens kona held dottera tett inntil seg.

Kirkens Nødhjelp sin partner Sunghi var ein av dei første organisasjonane som kom til Basti Riaz Abad. Dei skal gi Muhammed og landsbyen nye handpumper, latriner, hygieneutstyr og sikre at landsbyen igjen får trygt vatn.

Du kan hjelpe

I kriser er vatn kritisk. Difor er vatn noko av det aller første Kirkens Nødhjelp stiller med i katastrofar. Dei



sørgjer for reint vatn og høve til gode sanitærforhold der alt er øydelagt. Samtidig jobbar dei saman med folk i utsette område for å førebyggje den neste naturkatastrofen. Kirkens Nødhjelp jobbar i tillegg med å påverke politikarar og andre beslutningstakere til å stanse klimaendringane.

Kirkens Nødhjelp treng di hjelp for å hjelpe. 22.-24. mars går Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2015 av stabelen. Dette er kyrkjelydene sin eigen aksjon. Ditt bidrag gjer det mogleg for Kirkens Nødhjelp å vere der med reint vatn når katastrofen rammar. Difor håpar vi du vil støtte fasteaksjonen 2015 når årets konfirmantar kjem med innsamlingsbøssa. Vi oppmodar deg også til å bruke stemma di i fasteaksjonens klimakampanje og slik bidra til å stoppe klimakrisa.

Begge foto: Fahim Farid/Kirkens Nødhjelp.

Tid for gudsteneste?

Ved sokneprest Knut Fr. Sørheim

Gudstenestetidspunkt er ei sak eg nokså ofte har fått spørsmål om. MÅ gudstenestene vere kl 11.00 – og MÅ dei vere om søndagen? Det er det eine som kan ligge i spørsmålet i overskrifta. Men det kan også vere eit anna – som til dømes: Ville det vere ein tanke å setje av tid for å gå til gudsteneste – uansett om det skulle vere kl 11 og ein søndag, eller eit anna tidspunkt som måtte vere aktuelt? Med andre ord: Kor viktig er eigentleg gudstenesta for deg?

Eigentleg er det første spørsmålet eit interessant og underleg spørsmål. For – var det ikkje for den kristne gudstenesta, så hadde vi i det heile inga søndag. Det er ikkje bodet om å halde kviledagen heilag som gav oss denne dagen, men feiringa av Jesu oppstode frå dei døde. Om morgonen etter kviledagen, braut Jesus dødsportene og viste seg som livsens Herre. Dette fann dei første kristne grunn til å feire. Slik vart søndagen gudstenestedag. Sidan har det tredje bodordet blitt kopla saman med gudstenestefeiringa og vart den kristne kviledagen. Så kan vi stille spørsmålet: MÅ gudstenesta vere på ein søndag?

Vel, kanskje realiteten er at spørsmålet eigentleg ikkje handlar om kva dag og kva tidspunkt vi vel, men – som i den andre måten å stille spørsmålet på: Er gudsteneste så viktig at det betyr noko å setje av tid for den? Svaret som eg ofte får når spørsmålet om gudsteneste kjem opp, er at der er så mange andre ting i livet til ein familie i dag, at der blir ikkje tid att til gudsteneste. Og skulle ein ikkje ha noko på kalenderen akkurat i gudstenestetida, så er det så bruk for å ha ein morgon for veka der ein kan ta det heilt med ro.

Det er ikkje vanskeleg å sjå at dette er reelle utfordringar i den hektiske kvardagen mange har i dag. Og vi skal

heller ikkje gløyme at då Gud alt i skapinga gjorde den sjuande dagen til kviledag, må det har vore fordi han visste at ein slik livsrytme – seks dagar til arbeid, ein dag for kvile – var viktig for det livet han hadde skapt. Difor er eg og redd at til dømes forslaga om søndagsopne butikkar er ein større trussel mot livsrytmen Gud gav oss enn mykje anna av det vi fyller fridagane med.

Men – treng vi noko meir enn kviledagen? Treng vi eigentleg søndagen – og gudstenesta? Skal vi finne svar på det, må vi først vite svar på det viktigaste: Kor mykje skal den kristne trua bety for oss? Det er ikkje eit spørsmål om kor stor plass religiøs tru skal ha, - for religiøs tru kan heilt sikkert overleve utan den kristne gudstenesta. Sentrum i kristen tru er trua på Jesus Kristus som Guds Son og frelsar for verda. Dersom denne trua skal leve og overleve i oss, treng vi nær og regelmessig kontakt med kjelda som gjev og nærer kjennskapen til og bildet av Jesus Kristus, Bibelens bodskap. Eg har eit nytt kamera med mange tekniske finessar. Om eg ikkje bruker kameraet ofte, og les brukarmanualen på nytt, gløymmer eg kva eg har i kameraet. Utan nær kontakt med bodskapen om Jesus, blir biletet av han viska ut, og vi sit att med uriktige bilde.

Skal vi ha tid for gudsteneste? Vi kan diskutere vekedag, vi kan vurdere tidspunkt, kyrkjesetel eller ein annan stad, orgelmusikk eller band – det er ikkje det avgjerande. Men – likevel er det slik at erfaringa viser at det er enno vanskelegare å samlast annan stad og annan dag ... Og kyrkjesetel har vi, og søndagen har vi – og erfaringa viser at det er lettare å finne tid når noko skjer ofte enn sjeldan ...

Tid for gudsteneste? Når alt kjem til alt er det eit spørsmål om kor mykje trua på Jesus Kristus skal ha å bety for oss. Og eit spørsmål om kor mykje det betyr å gje denne trua vidare til nye generasjonar. Det er umulig å gje vidare noko vi ikkje sjølv prioriterer og lever og tek aktivt del i og medansvar for.

Kyrkjevalet 2015

I 2015 er det kyrkjeval, samtidig som kommunevalet. For alle dei tre soknene i Masfjorden skal det veljast nye sokneråd, og i Bjørgvin skal det også veljast nytt Bispedømeråd. Datoen for valet er 14.september.

I dei følgjande nummer av Masfjordingen vil vi kome tilbake til meir informasjon om valet, men det første som vidare må skje, er at der vert sett opp framlegg til kandidatlistar. Desse må vere leverte til dei respektive sokneråda innan 1.mai.

Kvart sokneråd har ansvar for at der blir sett opp kandidat-/vallister, men det er også høve for kyrkjemedlemer etter visse regler å legge fram alternative lister. Regler for dette kan ein få ved å vende seg til kyrkjekontoret, eller ved å lese på kyrkja si nettside <http://kirken.no/valg/>

Her vil du mellom anna kunne finne 10 gode grunnar til å seia ja til å bli vald inn i soknerådet:

- Du er med å halde lokalkyrkja levande
- Du vert del av eit kristent fellesskap
- Du gjer ein viktig jobb for fellesskapet
- Du kan sørgje for eit trygt og godt fritidstilbod for born og unge
- Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
- Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet

- Du kan sørgje for at di kyrkje er ei open og inkluderande kyrkje
- Du kan påverke aktivitetstilbodet i nærmiljøet ditt
- Du får nyttig styreerfaring som du kan bruke i andre samanhengar
- Du kan oppdage nye sider ved deg sjølv

Kven som i dag sit i dei tre sokneråda, kan du mellom anna finne på masfjordsoknene si eiga nettside på adressa <http://www.masfjorden.kyrkja.no/>

Kvar og ein er i alle høve velkomen til å vere med og ta ansvar for kyrkja sitt viktige arbeid, anten ved å stille som kandidat til soknerådet, eller ved deltaking i andre aktuelle og konkrete oppgåver.

Møte i Masfjorden mållag

Masfjorden mållag inviterer til møte på Matre skule måndag 16. mars kl 1800.

Mållaget har hatt ein kvileperiode ei stund, og no planlegg vi å få i gang att lagsarbeidet. Det er derfor viktig at alle som har interesse for bruk av nynorsk i skrift eller tale møter opp, og er med og bestemmer korleis vi skal drive laget framover. Det gjeld om dei er medlemmer av laget eller ikkje. Ungdommar, anten dei er under utdanning eller ferdige med utdanninga, og som møter bokmålspresset for fullt, er spesielt velkomne.


Vi gjer også rekning med at dei som er eller har vore medlemmer av mållaget, møter opp.

Med oss blir Haakon Aase frå Meland. Han er leiar for det lokale mållaget der, er styremedlem i Noregs mållag, og mykje brukt som foredragshaldar/kåsør i andre mållag. Meland mållag har nyleg arrangert ei svært interessant – og vellukka – samling om Ivar Aasen og strilane.

Nasjonalt er vi no midt inne i ei sterk sentraliserings- og urbaniseringsbølge. Bankar og skular blir slått saman og sentraliserte. Sterke og dominerande krefter arbeider for å slå saman kommunar. Det same gjeld politi, brannvesen, sjukehus og andre helsetenester, landbruk, bedrifter, organisasjonar og forvaltningsorgan.

Alt dette aukar presset mot nynorsk, ettersom små nynorskeiningar blir slått saman med større eller fleire bokmålseiningar. Internett gjer at språkbrukarar i større grad enn før søker mot nasjonale diskusjonsforum og kjelder til tekst. Her dominerer bokmålet. Så vidt vi kjenner til, er Firefox (Mozilla) den einaste nettlesaren som lar ein velje nynorsk i menyane.

Det blir såleis særskilt viktig å tryggje nynorsk både på nasjonalt plan og i dei nye og større einingane, men også i dei områda der nynorsk i dag er dominerande.



Noko av det viktigaste eit mållag kan gjere, er likevel å vere med og gjere born og ungdom trygge på nynorsk som bruksspråk og daglegspråk, eit språk som ikkje berre kan nyttast i skule og utdanning, men også i det yrket ein vel seinare i livet.

Detaljert program kjem seinare.

To gledelege prisutdelingar

Ordet "glede" kan stå som eit stikkord for prisutdelingane som fann stad på Masfjorden legekontor fredag 19. desember. Glede frå prisvinnarane over prisane, og glede frå prisgjevarane over det prisvinnarane hadde utretta.

Før prisane vart delte ut, orienterte kommuneoverlege Rolf Tande om bakgrunnen for desse prisane. Helsearbeidarprisen og Folkehelsearbeidarprisen er begge meint å skulle markere god innsats sett frå ein brukarperspektiv. Helsearbeidarprisen vert gitt til helsefagleg personell, medan folkehelsearbeidarprisen vert gitt til personar som arbeider innan andre felt, men der arbeidet deira har openberr verdi for folkehelsa.

Helsearbeidarprisen 2014 gjekk til Ørnulf Lillestøl. Ved overrekkinga drog ordførar Karstein Totland fram Ørnulf Lillestøl sitt brukarperspektiv i alle dei funksjonar Ørnulf har hatt i dei over tjue åra som tilsett i Masfjorden kommune. Spesielt la han vekt på innsatsen han hadde lagt for dagen i arbeidet med Masfjorden sjukeheim.

Om kort tid vil Ørnulf tiltre i jobben som rådmann i Selje, og ordføraren nytta høvet til å ynskje han lukke til i den nye stillinga.

Det var leiar av eldrerådet i Masfjorden, Terje Myrvang, som overrekte blommar, medan leiar av Sjukepleiarforbundeet i Masfjorden, Hildegunn Bjånes, overrakte hjartenåla som følgjer med prisen.

På denne måten markerte dei at både brukarar og fagmiljø sluttar seg til denne prisutdelinga.

Kommuneoverlege Rolf Tande introduserte vinnaren av Folkehelsearbeidarprisen. Den går i år til sokneprest Knut Fr.Sørheim. Grunngevinga for at han vart tildelt prisen, er det mangeårige engasjementet Knut har vist i så mange samanhengar i kommunen.

Dette kom klårt til uttrykk då ordførar Karstein Totland delte ut prisen. "Du er ein prest for alle," sa ordføraren då, og peikte spesielt på det gode arbeidet Knut har lagt ned i å leggje til rette for at alle skal få høve til å vere med. Som døme på dette nemnde han samvere på sjukeheimen si demensavdeling, der skriftord og preik vart lagt til side og erstatta med song av kjende og kjære songar.

Hen nemnde også det iherdige arbeidet Knut har gjort for å leggje til rette for at også ungdom med spesielle utfordringar skulle få vere med i fellesskapet, til dømes i samband med konfirmantundervisninga. Ein av desse ungdomane overleverte blommar til Knut, og leiar for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Laila Nyland, overrakte hjartenåla som følgjer med prisen.

Saman med ei gruppe frå Nordbygda barnehage sytte Jo Mjanger og Jon Marin Skauge for ei fin musikalsk ramme om prisutdelinga.

Nytt frå biblioteket

Masfjordingane les framleis mest krim, i alle fall viser utlansstatistikken frå biblioteket det. Mest utlånt i 2014 var «Mørke hjerter» av Hanne Kristin Rhode, tidlegare toppleiar i Oslopolitiet. Nesbø si bok « Sønnen », « Den blinde guden» av Chris Tvedt og «Gapestokk» av Monika Yndestad, alle krimbøker, kom òg høgt på statistikken. Sissel Værøyvik debuterte i 2014 med «Rakels bok», ei forteljing med utgangspunkt i andre verdskrig. Denne vart nummer to. «Lys mellom to hav» og «Et helt halvt år» var òg populære. Mange likte den flotte boka til Erna Osland «Anna og Solmann» med foto av Oddleiv Apneseth.

Etter ein oppgang i utlånet i 2013, gjekk dessverre utlånet noko ned att i 2014. Besøket er nokolunde stabilt, litt i underkant av 2500. Då er ikkje besøk på skulebiblioteka rekna med.

Utlånet av e-bøker har ikkje vore så stort i Masfjorden. Kanskje det ikkje er gjort godt nok kjent, så her kjem ein liten repetisjon.

For å nytta tilbodet treng ein lånekort og pinkode. Alle lånarar har fått lånekort på det biblioteket dei tilhøyrer. Er du usikker på lånenumeret ditt, ta ein telefon eller send ein e-post til biblioteket.

Når du skal låna, må du klikka deg inn på E-lån Hordaland. Etter at du har funne boka du vil låna, går du på Mi side. Her vel du ditt bibliotek som er Masfjorden

folkebibliotek, Hosteland. (Kan henda står Hosteland fyrst). Så må du logga deg inn med lånenumeret som du finn på lånekortet ditt, og pinkode. Boka du vil låna, legg du i lånekorga og så kan ho lastast ned. Du kan lasta ned e-bøkene til datamaskin, lesebrett nettbrett eller mobiltelefon. Same boka kan lastast ned til seks ulike einingar og bøkene blir automatisk sletta (leverte inn) når lånetida på tre veker er ute. Nokre grep må likevel gjerast før du kan ta i bruk tenesta. I tillegg til lånekort og PIN-kode frå biblioteket må du ha

Adobe-ID: www.adobe.no

Du må installera eit leseprogram: På PC – Adobe reader og Adobe Digital Editions 2,0
På iPad/iPhone/Android nettbrett/
smarttelefon – Bluefire Reader.

Elles kjem det heile tida nytt til biblioteka. Kort kan nemnast nye titlar frå Lee Child, Mons Kallentoft, Lori Lansens, Arto Paasilina og Hanne Kristin Rhode. Så kjem både Nesbø og Läckberg med nye titlar i vår. Og dette er berre for dei vaksne. Her er mykje nytt også for barn og ungdom. Så biblioteket er absolutt verd eit besøk.

Minner om opningstidene:

Sandnes : Måndag 13.00 - 19.00

Hosteland: Tysdag 13.00 - 19.00

Matre: Torsdag 12.30 – 18.30

Kjellaug Bolset Strand

Interessert i jobb i Masfjorden kommune ?

Alle søkjarar vert oppmoda om å nytte det elektroniske søknadsskjemaet - dette finn ein under menyvalet "Ledige stillingar" på startside til Masfjorden kommune si heimeside.

Er du førstegongssøkjjar, må du sjølv oppretta brukarnamn. Gå inn på ledige stillingar og klikk på [registrer søkar]. Fyll inn nødvendig informasjon, og merk at du må samtykke i personvernerklæringa før du sender inn brukarinformasjon.

Vi gjer merksam på at namn på søkjar kan bli gjort kjent gjennom offentleg søkjarliste.

Treng du hjelp til utfylling kan du kontakte Masfjorden kommune telefon 56 16 62 00, og be om å få snakke med personalavdelinga.

Det er berre mogleg å søkje på utlyste stillingar elektronisk. Opne søknader til Masfjorden kommune sendast til

Masfjorden kommune,
Austfjordvegen 2724,
5981 MASFJORDNES
eller til
post@masfjorden.kommune.no

Masfjorden kommune treng ferievikarar sommaren 2015

Aktuelle arbeidsområde er

- * Pleie og omsorg
- * Kjøkken og vaskeri
- * Reinhald og nedvask av bygningar
- * Vert for Bjørn West museum, fargeriet og nothuset
- * Barnehagar
- * Teknisk avdeling
- * Tenestetorget

Meir informasjon kan ein få ved å vende seg til Maud Sleire Holmaas, telefon 5616 6216, eller via e-post maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.no

Søknadsfrist er sett til 20.03.2015.

Søknadsfrist for kulturmidlar 2015

Søknadsfristen for kulturmidlane er 1. april. Elektronisk søknadsskjema finn du på kommunen si heimeside under nyttige skjema. Alle søkjarar må senda inn årsmelding og rekneskap saman med søknaden.



Ny masfjordkofte?

Ripsdamene og Masfjorden kommune ynskjer å designe ei masfjordkofte.

I høve dette vil me at masfjordinnbyggjarane skal komme med innspel til element i kofta de tenkjer kan representere Masfjorden kommune.

Me ynskjer innspel til fargar og ulike element som kan brukast i mønsteret.

Innspel med grunngjeving leverast i butikken, per post eller mail innan 01.03.15

Rips garn og interiør AS
Sløvågen 2
5960 Dalsøyra

Mail:
ripsdamene@gmail.com
Tlf: 95903257

Masfjorden kyrkjelyd

Kyrkje- og prestekontor i kommunehuset: 56 16 62 00
Direktenummer:
Kyrkjevevja:..... 56 16 62 61
Diakoni- og undervisningsleiar: 56 16 62 62
Sokneprest:..... 56 16 62 63
Kyrkjegardsarbeidar:..... 56 16 62 66

Bustadtelefon / mobiltelefon / e-post:

Sokneprest Knut Fr. Sørheim: 56 35 60 29 / 996 42 575
E-post: knut.sorheim@masfjorden.kommune.no
Kyrkjevevje Svein Kvamsdal: 945 06 949
E-post: svein.kvamsdal@masfjorden.kommune.no
Organist Anne Merethe Reknes:..... 474 13 141
E-post: anne.merethe.reknes@masfjorden.kommune.no
Diakoni- og underv.leiar Gunvor Fyllingsnes: 56 35 32 55 / 950 41 037
E-post: gunvor.fyllingsnes@masfjorden.kommune.no
Kyrkjegardsarbeidar Kolbjørn Reknes: 56 36 71 59 / 990 27 121
E-post: kolbjorn.reknes@masfjorden.kommune.no

Kyrkjeleg fellelråd:

Fellelrådsleiar: Arne J. Riisnes 913 62 788
E-post: arne.risnes@lindas.kommune.no

Sandnes sokn:

Soknerådsleiar: Ragnhild Skuggedal: 56 36 50 56 / 906 13 181
Klökkar/kyrkjetenar Sandnes kyrkje kontaktperson: Vebjørn Aasgard:..... 976 06 840
Klökkar/kyrkjetenar Granneheimen Eldbjørg Mjanger: 56 36 55 50 / 908 00 160

Solheim sokn:

Soknerådsleiar: Lise Dyrhovden:..... 56 36 72 57
Klökkar: Mary Truwerk Kvamsdal 414 86 090
Kyrkjjetenar, kontaktperson: Marit Steinestø 56 36 61 70 / 959 43 709

Frøyset sokn:

Soknerådsleiar: Terje Myrvang 56 36 71 26 / 934 52 085
Klökkar Lovise Matre: 915 29 766
Kyrkjjetenar Kolbjørn Reknes: 56 36 71 59 / 990 27 121

“Masfjordingen” er eit meldingsblad for Masfjorden kommune og Frøyset, Sandnes og Solheim sokn. Bladet vert gjeve ut av sokna i samarbeid med kommunen. Redaksjonsnemnd for bladet er Gunvor Fyllingsnes, Frode Vee-Haugen og sokneprest Knut Fr. Sørheim. Formgjeving er ved Rune Garmann.

Adressa til bladet er
Masfjordingen,
Masfjorden kommune,
5981 Masfjordnes.

Bankgiro 3635.71.04216